

Hva mener stortingskandidatene om EU og EØS?

Som vanlig spør Nei til EU aktuelle stortingskandidater om deres mening om noen EU-spørsmål:

1. Mener du at Norge skal bli medlem av EU?
2. Støtter du en offentlig utredning av alternativer til EØS-avtalen?
3. Foretrekker du EØS-avtalen dersom alternativet er en handelsavtale med EU?
4. Bør Norge benytte vetoretten (også kalt reservasjonsretten) i EØS mer aktivt?
5. Mener du at vetoretten bør brukes mot myndighetsoverføringen i EUs Energipakke 4?
6. Støtter du EUs foreslåtte direktiv om å innføre en lovbestemt minstelønn i EU/EØS?

Forklaring til tabellen: ? betyr "Vet ikke", I betyr "vil ikke svare", * betyr at kandidaten har gitt et mer utfyllende svar som vi ikke har plass til her, men som finnes på Hordaland Nei til EUs hjemmeside under Valg 21:

<https://neitileu.no/fylke/hordaland>

Vi har også spurt Eigil Knutsen fra AP, Helge Andre Njåstad, Silje Hjemdal og Sigbjørn Framnes fra FrP og Erna Solberg fra Høyre. De har ikke svart når dette medlemsbrevet går i trykken, men hvis vi får svar legges det ut på hjemmesiden vår sammen med de utfyllende svarene.

Vi merker oss at Høyre, Venstre og halve AP-gruppa ønsker medlemskap i EU. Det er bare Kystpartiet, Rødt, SP og SV som støtter Nei til EU i å ville ha en offentlig utredning av alternativer til EØS-avtalen, og omtrent de samme partiene støtter oss i å foretrekke en handelsavtale framfor EØS-avtale, Med et par unntak er det de samme partiene som vil bruke vetoretten mer aktivt, og spesielt når det gjelder myndighetsoverføringen i Energipakke 4. Ellers er det positivt at det er veldig få som vil ha en lovbestemt minstelønn.

Navn	Parti		1:	2:	3:	4:	5:	6:
Marte Mjøs Persen	AP	1	N*	N	J	J*	?*	N*
Odd Harald Hovland	AP	2	N	N	J	N	N	N
Linda Merkesdal	AP	4	J	N	J	?	?	N
Lubna Jaffery	AP	5	J	N	J	?	?	N
Ove Trellevik	H	2	N	N	J	N	N	?
Peter Christian Frølich	H	3	J	N	J	N	N	N
Liv Kari Eskeland	H	4	J*	N*	J*	N*	N*	N*
Charlotte Spurkeland	H	5	J	N	J	N	N	N
Lise-May Sæle	H	6	J	N*	J*	N*	N*	N
Dag Inge Ulstein	Krf	1	N	N	J*	N*	N	?*
Astrid Aarhus Byrknes	Krf	2	N	N	J	J	J	N*
Anne Hilleren	Kyst	1	N	J	N	J	J	N*
Arild Hermstad	MDG	1	I*	N	J	J	N	N
Sofie Marhaug	R	1	N	J	N	J	J	N
Kjersti Toppe	SP	1	N	J	N	J	J	N
Nils T Bjørke	SP	2	N	J	?	J	J	N
Hans Inge Myrvold	SP	3	N	J	?	J	J	?
Audun Lysbakken	SV	1	N	J	N	J	J	N
Sara Bell	SV	2	N	J	N	J*	J	N
Camilla Ahamath	SV	3	N	J	N	J	J	J
Sveinung Rotevatn	V	1	J	N	J	N	N	?

Gunnar Rutle, nestleder

Hordaland Nei til EU gjennomførte digitalt årsmøte 18. mars

Styret var samla på Hotell Ørnen Scandic, saman med to representantar for UmEU og ein frå Bergen Nei til EU. I tillegg møtte revisor. Møtet starta kl 18.

24 medlemmer deltok, og det er omtrent same talet som for tidlegare årsmøte. Det såg såleis ikkje ut til at det digitale opplegget hindra folk i å delta.

Årsmøtet vart gjennomført etter fastsett dagsorden. Leiar Gunnar Rutle ønskte velkomen, og Frode Mannsåker gjekk gjennom råd og vink for gjennomføring av det digitale opplegget. Me vil retta ein stor takk til alle som gjorde ein strålende innsats for å få alt det tekniske til å fungera. Me håpar og at det digitale opplegget ikkje var til hinder for at deltakarar som ønskte det, tok ordet. Kom gjerne med attendemeldingar til oss om korleis du opplevde årsmøtet.

Årsmøtet vedtok tre uttalar:

- Bryt Stortinget Grunnlova?
- Hordaland Nei til EU krev respekt for Norges suverenitet i Svalbardsona
- Brexit viser veg ut av EØS-avtalen

Årsmøtet valde nytt styre. Toril Mongstad vart valt til ny leiar i fylkeslaget, og ho takka for tilliten samstundes som ho oppmoda alle til å verva medlemmer. Avtroppande leiar vart takka av med fine ord og blomar.

På heimesida vår vil du finna protoll frå møtet, vedtekne dokument og informasjon som viser heile styret

Sjå Referat fra årsmøte Hordaland Nei til EU 2021 under aktuelt på neitileu.no/fylke/hordaland

Toril Mongstad, fylkesleiar

Medlemsbrev

Hordaland Nei til EU

Nr 2 2021, Juni



Helsing til stortingskandidaten

Det er ei stor ære å bli folkevald til Stortinget. Agen for talarstolen og stortingssalen er der alltid. Representanten er den einaste som samanh med sine kollegaer har fullmakt frå folket til å vedta lover og løyve penger. Han/ho står over regjeringa. Høgre opp står berre folket, folkesuvereniteten.

Men som stortingsrepresentant merkar du at mange lover og reglar blir banka gjennom utan at du kan gjera noko med det. Dei kjem som direktiv frå Brussel. Du er vengjeklypt, for EØS tek frå deg den eksklusive grunnlovsfesta fullmakta du har frå folket.

Så kan det hevdist at all lovgeving frå Brussel framleis, og til skildnad frå det medlemskap i EU medfører, formelt må bankast

gjennom i Stortinget. Og at Noreg har vetorett. Ja, men EØS forpliktar Noreg til å godta lover frå EU. Det er ei felle Stortinget sit fast i. Dessutan set tilhengarane av EØS lås på bruken av vetoretten. Om du kjem på Stortinget i haust bør du interessere deg for denne katastrofale stoda for folkestyret og ikkje avvise alternativ til EØS.

Du vil møte folk som seier at saka kan ordnast om me melder oss inn i EU. Kanskje er det og di meining. Men argumentet byggjer på ei stor mistyding. Det hjelper ikkje demokratiet å bli med i EU. Nasjonalforsamlingane i EU er langt meir avmechtige enn vårt Storting. Du kan ta kontak med parlamentarikarar i EU-land og sjølv finne det ut, at slik er det.

Scaff deg kunnskap om korleis lovene i EU vert til. Då vil du sjå at folkestyret i EU er på hælane. EU-parlamentet vert aldri ei ekte lovgjevande forsamling. Britane ville ha tilbake folkestyret sitt. Dei var medlemmer i EU, men dei melde seg ut.

Gode stortingskandidat, Den utøvande makta skal ikkje vedta lover, det skjer i EU. Hjø oss skal Stortinget ha denne retten, og stå fritt. I Brussel taper arbeidsfolket mot arbeidsgjevarar. Byråkratar har styringa. Maktfordelinga er sett på spel. Det er argument mot EU/EØS. Vonleg tenkjer veljarar slik i september.

John Dale, tidl. stortingsrepresentant. Styremedlem HNtEU

Utviklinga av EU mot ein føderal stat

Etter nei-sigeren i 1994 blei det EU-tilhengarane sin strategi å få meldt inn Norge bit-for-bit bakvegen inn i EU gjennom EØS-avtalen. Den langsiktige målsettinga deira og til EU har heile tida vore ein føderal stat, «The United States of Europe», etter amerikansk mønster. Lisboa-traktaten, som blei iverksett 1. desember 2009, er i realiteten EU si føderale grunnlov, som blei avvist av Frankrike og Nederland i folkerøysting i 2004. Men EU-byråkratane tek aldri nei for eit nei, og året etter kom grunnlovsframlegget tilbake som ein traktat, utan ny folkerøysting. Sidan har føderalistane i EU jobba heile tida for vidareutvikla EU til ein stadig tettare føderal stat. Og i denne føderale staten er det den frie flyten av varer, kapital,

arbeidskraft og tenester som gjeld, med felles økonomi og budsjett, og myndighet til å skriva ut skattar, noko fleire land, blant anna Tyskland har vegra seg for hittil. Kvifor er det då ikkje meir debatt om dette? Svaret er truleg at den politiske eliten i EU, som i Norge, ikkje ønskjer fokus på planane om EU si føderale utvikling, og at me i nær framtid skal gå over frå å vera ein sjølvstendig nasjon til å bli fire regionar i den nye europeiske sambandsstaten (USE).

EØS-avtalen er noko langt meir enn ein handelsavtale slik EU-tilhengarane hevdist, den er første steg i ei innmelding i EU. Gjennom EØS-avtalen er Stortinget i stor grad sett ut av kraft, og Norge er blitt påtvungen tusenvis av direktiv og forordningar, og Stortinget er redusert til eit sand-

påstrøingsorgan. Meir enn 70 prosent av alle saker på dagsorden i norske kommunar og fylkeskommunar er styrt av EU sin marknadliberalistiske politikk. Norge er i dag meir kvalifisert for deltaking i ein framtidig føderal EU-stat enn fleire av statane i EU, fordi ja-sida i Høgre og AP har hatt styringa sidan 1993. Dei har avvist å ta i bruk reservasjonsretten i EU-spørsmål, samtidig som dei hevdist at Stortinget har eit «handlingsrom» i EØS-spørsmål. Det er grunn til å merka seg korleis EU jobbar for å dela opp og banka gjennom vanskelege saker, slik som postdirektiva, og no sist Jernbanepakke 1, 2, 3 og 4. Det er viktig å avsløra dette spelet og sjå dei politiske sakene i sin rette samanheng.

Oddvar Skre, styremedlem

Kontaktinfo Hordaland NtEU:
www.neitileu.no/fylke/hordaland
e-post: hordaland@neitileu.no
Toril Mongstad fylkesleiar (AU)
e-post: toril.mongstad@online.no

mob 900 26 044
Nestleiarar: Frode Larsen (AU) og Gunnar Rutle (AU), Sigmund Simmenes (AU), Kasserer Hildur Straume, Styremedlemmer: Rose

Maiken Flatmo, Anna U. Nordlund, John Dale, Varamedlemmer: Oddvar Skre, Ivan Tubez, kvinne-ansv. Agathe Børretzen, Brigtt Ottar Valen, Frode Mannsåker

Stortingsval - Valkampen har starta

Valkamp er eigentleg ei kontinuerleg øving, ikkje berre for dei aktive politikarane, men for alle som er interesserte i korleis samfunnsutviklinga og politiske vegval vert utforma og styrt.

Me nærmar oss stortingsvalet 13. september, og me ser tydelege teikn på intensivering i valkamp-aktivitetar, og i fylkesstyret har me temaet høgt på dagsorden. Det kan sjå ut som om EØS-avtalen, og utgreiing om alternativ til denne, vil vera eit valkamptema. Det ser me fram til. Uansett kva politikarane våre vil, så vil me i Nei til EU trekkja fram denne saka, og ikkje minst diskusjonar knytt til dei ulike direktiva som kjem frå Brussel.

Nei til EU sentralt har utforma ein valkampstrategi, denne er vedteken i sentralstyret.

Pandemirestriksjonar set grenser for kor mykje me kan vera synlege på stand, i arrangement, møteverk-

semd, studiearbeid m.m., og det gjer det utfordrande å leggja planar for valkamparbeidet vårt. Kontakt via sosiale media og heimesider vil verta viktigare enn nokon gong tidlegare.

Det er gjennomført ei kandidattutspørjing slik NtEU har gjort ved tidlegare val. I denne stiller me spørsmål til kandidatar frå dei ulike partia, spørsmål som omhandlar synet på medlemskap i EU, synet på alternativ til EØS-avtalen, veto rett og handlingsrom. Resultata for Hordaland finn du på side 4 i dette medlemsbrevet, og i Standpunkt vil du finna resultat for landet totalt. Dette er viktig informasjon, og vil gje oss gode innspel om kva som skal prioriterast i valkampen.

I fylkesstyret tenkjer me auka fokus på bruk av sosiale media for å nå ut til flest mogeleg. I tillegg vil

me vurdere fortløpande om me kan stå på stand og arrangera fysiske møte for å formidla informasjon og kunnskap. Det vil verta utarbeidd mykje materiell frå sentralt hald, me håpar det vil vera mogeleg å dela dette ut i stor skala. Kanskje må me ty til å leggja dette i den fysiske postkassa, i tillegg til i den digitale.

Å få til aktivitet i heile fylket vil vera ein suksess-faktor for arbeidet vårt, ikkje minst no i valkampen. Dette såg me tydeleg i den store aktiviteten i forkant av dei to folkerøystingane om medlemskap.

Det er vårt håp at me igjen skal få med oss fleire både no i valkampen og i det arbeidet som går føre seg uavhengig av val. Saman får me alltid meir til!

Om du har tankar og idear, eller om du kunne tenkja deg å vera aktiv i eige lokallag, er det berre å ta kontakt med oss!

Toril Mongstad, fylkesleiar

Vil avgi råderett over pandemiltak. Neste gang en krise inntreffer kan det være EU som bestemmer hvilke tiltak vi får innføre her i Norge.

Da pandemien rammet verden for fullt, og Norge stengte ned 12 mars 2020, viste dette til fulle hvordan en selvstendig og uavhengig stat har best forutsetninger for å slå ned denne type kriser. Kommuner og stat innførte raskt strenge reguleringer på bevegelser av personell, noe som medførte at vi allerede i juni hadde slått ned det meste av smitte. Vårt helsevesen har så langt ikke vært i nærheten av å kollapse, og alle syke har fått forsvarlig behandling.

Slik Norge tok sine valg på selvstendig grunnlag, gjorde også andre EØS- og EU-land det samme.

Likeledes valgte de ulike land i EU og EØS ulike strategier for vaksiner, anskaffelser av vaksiner, og gjenåpning av sine samfunn.

Totalt sett la alt dette hindringer i veien for de fire friheter i EU. I tillegg fikk det EU til å fremstå som fragmentert og lite egnet som løsning på grensekryssende utfordringer, som en pandemi.

For EU og EØS innebærer håndteringen av pandemien et gigantisk prestisjenederlag og har avslørt at når det kommer til stykket er hvert land seg selv nærmest.

Onsdag 11. november la derfor Europakommisjonen fram en melding og tre forslag til nye rettsakter for å sikre mer enhetlige tiltak i medlemslandene ved framtidige pandemier og tilsvarende kriser.

De nye rettsaktene skal angivelig styrke det eksisterende rammeverket for samarbeid om grensekryssende helsekriser og mandatene til Det europeiske legemiddelbyrået (EMA), og det europeiske smittevernserteret (ECDC).

Med helseberedskapspakken tar Kommisjonen de første skrittene mot utviklingen av en helseunion,

noe som også ble varslet i kommisjonspresident Ursula von der Leyens tale om unionens tilstand i september 2020.

Det er stor motstand i en del EU land mot at helseunionen skal frata dem det handlingsrommet det hadde og har i denne pandemien. Men både Norges helseminister og uten-

riksminister har uttalt at de jobber for at Norge skal bli en del av denne unionen.

Neste gang en krise inntreffer kan det altså være EU som bestemmer hvilke tiltak vi kan innføre her i Norge.

Frode Larsen, nestleder

Fylkesstyret: Kva held me på med? Kva er avgjerande for å lukkast i arbeidet? Korleis får me fleire med oss?

Det nye fylkesstyret har alt hatt fleire styremøte, og i det følgjande vil me orientera litt om dei prioriterte styret har gjort for arbeidet vidare.

Styret har valt eit arbeidsutval (AU) som er sett saman av leiar Toril Mongstad og dei to nestleiarane Frode Larsen og Gunnar Rutle. Sigmund Simmenes er vara til AU.

AU og styret har i samråd valt å prioritera følgjande område for arbeidet framover:

- Medlemspleie, kontakt med lokallag, innsats for å få etablert fleire lokallag
- Val 2021 – organisering av valkampen
- Sosiale media og heimeside
- Informasjon, kunnskap, formidling, skriving m.m.
- Arbeid med utoverretta aktivitetar, samarbeid med andre som sympatiserer med oss, fagrørsla, kontakt med nei-alliansen i eige fylke.
- Organisasjonsarbeid – utvikling av styret.

Medlemene er ryggrada i ein kvar organisasjon, slik er det også i Nei til EU. I dag har me tre lokallag i fylket, berre to av dei kan seiast å vera aktive. Dette ønskjer me å endra. Målet er å få på plass 4-6 nye lokallag i år. Det å ha ein organisasjon som arbeider mange stader i fylket vil vera ein føresetnad for å

lukkast med dei prioriterte arbeidsfeltene. På den måten vil me vera fleire som formidlar informasjon, engasjerer folket, byggjer opp kunnskap og gjer oss betre rusta til nye kampar. Me veit at fleire av partia på Stortinget ønskjer oss inn i EU, ein ny medlemskaps-søknad kan koma.

Derfor er det også viktig å ha godt samarbeid med andre interesseorganisasjonar som støttar saka vår, både lokalt, fylkesvis og nasjonalt.

Det er stortingsval 13. september, valkampen vert såleis ei svært viktig sak framover, også her vil det ha stor verdi å vera synlege mange stader i Hordaland. EØS-avtalen kan verta ei større sak i denne valkampen enn i tidlegare val, fleire står bak kravet om å greia ut alternativ. Me må få fram dei negative verknadene denne avtalen har på sjølvstyre og suverenitet. Og me må slå attende myten om at me ikkje får selt varene våre om me ikkje har denne avtalen.

Fleire og fleire hentar informasjon via sosiale media, og som fylkestyre må me hengja med i denne utviklinga. Særleg er dette viktig for å nå ungdomen.

Som nyvalt leiar i laget, vil eg oppmoda deg som les dette å vurdere om du kan hjelpa oss i det viktige arbeidet vårt framover. Alt vert lettare når fleire er med å dra lasset!

Toril Mongstad, fylkesleiar

Nokre fakta om EØS og arbeidslivet.

Det overordna for all politikk i EU er dei fire fridomane, den frie flyten av kapital, tenester, varer og personar (arbeidskraft). Dette er nedfelt i EU sine traktater, og er å rekna som ein del av EU si grunnlov.

EØS-avtalen og arbeidsinnvandring.

EU og EØS-området må sjåast som ein felles, grenselaus arbeidsmarknad, og som ein reiskap for arbeidsgjevaren. Arbeidarar frå lågkostland er viljuge til å arbeida innafor langt dårlegare arbeidsvilkår enn det som er vanleg i Norge. Det pressar lønene nedover, og det betyr hardare konkurranse om arbeidsplassane, og ei tredeling i arbeidslivet: fast tilsette, tilsette i «seriøse bemannings-selskap og tilsette i verksemdar som driv ulovleg og tariffstridig.

EØS-avtalen og bemannings-selskapa.

Den frie etableringsretten og forbod mot konkurransevridande tiltak fører til at utanlandske bemannings-selskap kan etablere seg i Norge. I utgangspunktet skal vikarar, eller korte tilsetjingsforhold, berre gjelda når det er behov for ekstra bemanning ved uventa auke i arbeidsmengda og prosjekterelatert verksemd. Slik fungerer det ikkje lenger. Minst 100 000 arbeidstakarar har arbeidet sitt gjennom beman-

ningsbyrå. Bemanningsselskapa avgjer om du får nytt oppdrag. Krav om tariff-festa løn, fast tilsetjing, løn mellom oppdrag, fagorganisering eller ønskje om ein betre arbeid-savtale, fører ofte til at du ikkje får fleire oppdrag. Det er nok av folk som ikkje stiller krav, dei er takksame for arbeid og godtar dårlege arbeidsforhold.

Talet på fast tilsette går ned, organisasjonsgraden går ned.

EØS-avtalen har forrang framfor norske lover og avtaleverk, og for ILO-konvensjonar.

Ved å gå inn i EØS-avtalen aksepterte Norge at norske lover og avtaleverk er underordna EU sine lover. Me har til og med sett at dom i Høgsterett kan setjast til side dersom den er i strid med EØS-avtalen. Sjølv om LO har sagt at dei ikkje kan akseptera dette, er det nettopp det dei gjer ved å ikkje støtta kravet om ei alternativ tilknytingsform til EU.

Ein likeverdig handelsavtale som erstatning for EØS-avtalen er derfor svært viktig for eit organisert og velordna arbeidsliv der fast tilsetjing og ryddige arbeidsforhold er det som skal gjelda.

Toril Mongstad, fylkesleiar

Gode medlem!

Takk for at du er medlem i Nei til EU! Me er no over 1900 medlemmer i Hordaland Nei til EU, og rundt 20 000 medlemmer totalt i landet.

Det er flott! – og me treng fleire. Det er og veldig viktig at medlemene våre betaler medlemskontingenten. Her kjem nokre oppmodingar frå oss i fylkesstyret:

- Har du betalt kontingenten for 2021? Om ikkje, vil det vera kjempofint om du kunne gjera det.
- Me treng e-post og mobilnummer for å lettare kunna nå alle medlemene. Det er framleis mange medlemmer som ikkje har desse opplysningane registrert hos oss. Me vil verta veldig glade om du kunne senda oss denne informasjonen.
- Kjenner du nokon som framleis ikkje er medlem i Nei til EU? Gjer ein innsats og verv eit nytt medlem – eller gjerne fleire. Saman står me sterkare!

Toril Mongstad, fylkesleiar